

Til stades: Hilde Reitan - leiar, Camilla Granlien – nestleiar, Kristian Hanto
- nestleiar, Kjellbjørn Karsrud, Thomas Nilssen, Tormod
Kleiveland, Torfinn Hofstad
Ole Erik Feragen – 1.vara,

Frå administrasjonen: Linda Dyrnes - dagleg leiar, Liv Annette Nygjerdet – dei tilsettes
representant. Audun Stokke Hole under sak 2021/61 b. Solfrid Gjeldokk under sak
2021/64, Sina Myhr under sakene 2021/65, 2021/66, 2021/67.

Tid: Fredag 19.11.2021 kl. 09.00-16.00.

Stad: Teams

Sakliste

Styresak 2021/60 Innkalling og sakliste

Styresak 2021/61 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Driftsrapport per 9.november 2021
- b) Rekneskapsrapport per oktober 2021
- c) Referat: Innspela til statsbudsjettet 2022
- d) Referat: Innspel til Bygda dansar 2.0.
- e) Orientering om satsing på eksport av norsk folkemusikk og folkedans.

Styresak 2021/62 Møteplan våren 2022

Styresak 2021/63 Styret og aktiv deltaking i media

Styresak 2021/64 Fordeling av Frifond Organisasjon

Styresak 2021/65 Resultat frå spørjeundersøking

**Styresak 2021/66 Diverse godkjenningar for Landsfestivalen i
gammaldansmusikk 2022**

Styresak 2021/67 Diverse godkjenningar for Landskappleiken 2022

Styresak 2021/68 Årets Eldsjel

Styresak 2021/69 Årets folkemusikkfotografi

Styresak 2021/70 Eventuelt

Styresak 2021/60 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend.

Styresak 2021/61 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

a) Driftsrapport per 9.november 2021

- a. Rådgeving/Opplæring/service
 - a. Vi har arrangert digital lokallagskaffi nr 2.
 - b. Vi har informert om Folkemusikkens og folkedansens dag 16.juni 2022, som er Vår dag i høve Frivillighetens år.
 - c. Vi har hatt lunsjwebinar for våre medlem der Norsk Kulturråd informerte om Arrangørstøtteordninga si.

- b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - a. Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk:
 - a. Har hatt møte med hovudnemnda for Landskappleiken 2022.
 - b. Har hatt tett kontakt med hovudnemnda for Landsfestivalen 2022.
 - c. Har hatt eige møte med info på Landsfestivalen 2022.
 - d. Har hatt møte med Landsfestivalen 2023 i Førde.
 - b. Folkelarm
 - a. Vi har invitert 23 utanlandske delegatar.
 - b. Vi har invitert mange norske delegatar.
 - c. Vi har fått 120.000kr i tilskot av Music Norway
 - d. Vi har søkt diverse ambassadar om tilskot.
 - e. Vi har posta mykje på sosiale medium om Folkelarm og Folkelarmprisen
 - f. Vi har delt ut 450 flyers om Folkelarm på WOMEX, Oslo World og relevante konsertar i Oslo

- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - a. Folkemusikk – magasinet:
 - a. Folkemusikk nr 4/21 blei trykt 9. november, med eit sidetal på 100.
 - b. Johanne Flottorp har komme godt inn i arbeidet som redaksjonsmedarbeidar og journalist. Ho har produsert nyheitssaker for Folkemusikk.no kvar veke sidan 1.9, og har òg ansvaret for nyheitsseksjonen i siste papirmagasinet i år.
 - c. Podkast: Folkemusikk podkast sesong 2 er under produksjon. Alle dei fysiske bladsleppa og arrangementa Folkemusikk hadde planlagt gjennom året som del av prosjektet «Folkemusikksamtalet 2021», er blitt avlyste. Av den grunn, for å nå ut til eit større publikum med folkemusikk- og folkedansrelaterte tema, er ein større del av desse midlane nytta til podkast. Det blir avhalde éi folkemusikksamtale, i lavvoen på Folkelarm, som òg blir bladslepp.
 - d. Redaktøren deltok på Tidsskriftdagen 2021, som Norsk tidsskriftforening arrangerte på Litteraturhuset i Oslo 21. oktober. Her sat han i to ulike panel, "Redaksjonsråd eller ikke?" og "Redaktøren som portvakt og døråpner".
 - e. Redaktøren har vore på kurs i programleiing med tidlegare NRK-journalist Håkon Haugsbø.
 - f. Redaktøren var òg til stades på bransjetreffet Womex i Porto, Portugal i oktober, der han mellom anna gjorde innspelningar til ein podkast-episode.

- b. FolkOrg.no/anna informasjonsarbeid:
 - a. Har laga mange annonsar til Folkemusikk, nettsider mm.
 - b. Har vore aktiv med å spreie våre prosjekt på sosiale medium.
 - c. Har vore mykje arbeid med programserien AdventFolk.

- d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - a. Kristian Hanto, Sina Myhr og Linda Dyrnes representerte FolkOrg på representantskapsmøtet til Norsk senter for folkemusikk og folkedans (SFF).
 - b. Vi var i møte med Noregs Ungdomslag som, saman med Studieforbundet Kultur og tradisjon, arbeider for å få bunadsbruken inn på Unescos representativ liste om immateriell kulturarv. Dei ønskjer at vi skriv eit stønadsskriv om det, og det har vi sagt ja til. Les meir om prosjektet [her](#).
 - c. Dagleg leiar var på generalsekretærfrukost i regi av Frivillighet Norge. Tema var regjeringsskiftet og påverknadsarbeid.
 - d. Vi har sendt inn innspel og vore på høyring om Statsbudsjettet 2022. Dagleg leiar hadde to innlegg i Familie- og kulturkomiteen; eitt på vegner av [Arrangørforum](#) og eit på vegner av [FolkOrg](#). I tillegg snakka dagleg leiar i Norsk jazzforum på vegner av både [Norsk jazzforum](#) og [FolkOrg](#) (spol til 2:04 i opptaket) i Utanriks- og forsvarskomiteen. Dei skriftlege innspela leggst ved.
 - e. Vi har halde innlegg på eit dialog- og kartleggingsmøte med Norsk Kulturråd der temaet var Mangfald og deltaking i kulturlivet.
 - f. Vi har hatt møte med Krafttak for sang, der dei ønskjer å ha oss med i eit allsongprosjekt dei har fått pengar til. Vi vart samde i at det kunne vere ein god idé å få til allsong i matteltet på Landskappleiken og kanskje Landsfestivalen. Vi tek kontakt med lokale arrangørar om det. Krafttak for sang vil dekke kostnader til musikarar som skal leie allsongen og dei ønskjer å vere til stades å dokumentere det.

- e. Særskilde satsingar
 - a. Lag og medlemmer:
 - b. Vi har gjennomført første samling med FolkLeiarUng og planlagt neste samling i mars.
 - c. Planlagt rekrutteringsseminar under Folkelarm.
 - d. Sendt inn kvartalsrapport og statusrapport til Dextra Musica.
 - e. Følgd opp rekrutteringsprosjekta.
 - f. Førebudd utlysinga av nye rekrutteringsmidlar frå Dextra Musica.
 - g. Gjennomført spørjeundersøking saman md NU og Sff med hjelp av Opinion. Tema var grenseoverskridande åtferd.

 - b. Informasjon, formidling, dokumentasjon
 - a. Vi har hatt møte med kultureddaktør i NRK, Marius Hoel om NRKs dekking av folkemusikk og folkedans. Dei ønskjer å halde fram med Folkemusikktimen, og dei ønskjer også å presentere folkemusikk og folkedans i andre programflater. Dei skal no gå gjennom musikken som spelast på NRK folkemusikk, slik at den blir fornya og i større grad dekker heile landet. Dei planlegg ei tv-serie om historia om norsk folkemusikk og folkedans i 2023. Det er viktig at vi spelar inn programidear, og idear til personar frå vårt felt som kan presenterast i ulike program, som til dømes Drivkraft.
 - b. Vi har lyst ut stillinga som prosjektleiar for 100-årsjubileet til FolkOrg.
 - c. Vi har tatt opp jubileet i budsjett høyringane på Stortinget.
 - d. Vi har bedt om møte med kulturministeren for å snakke om jubileet og strategi for folkemusikk og folkedans.
 - e. Arbeider kontinuerleg med dei nye nettsidene til LK, LF og Folkelarm, samt Folkartist.no som har hatt oppstartsvanskar men som det no rapporterast om skal være løyste.

- c. Folkedans
 - a. Planlegg seminar om folkedans på Folkelarm i samarbeid med NU og Sff
 - b. Har sendt innspel frå FolkOrg til Sff om Bygda dansar 2.0.
 - d. Utøvarar og arrangørar
 - a. Vi har hatt møte i Arrangørforum, der fire frå administrasjonen i Kulturrådet deltok på delar av møtet. Elles var temaet i all hovudsak statsbudsjett og regjeringsplattforma.
 - b. Vi skal, saman med Riksscenen, arrangere eit seminar på Folkelarm om å løfte heilårsarrangørane på folkemusikkfeltet og har byrja planlegginga av det.
 - c. Vi deltok på Womex i Porto, der vi, saman med Music Norway, hadde ansvaret for den norske standen. Vi nytta høvet til å vedlikehalde og fornye nettverket vi har internasjonalt, både for å finne gode delegatar til Folkelarm, arrangørar og festivalar som kan vere interesserte i norsk folkemusikk og folkedans og moglege samarbeidspartnarar. Vi hadde eit godt møte med Showcase Scotland. Vi var dessutan til stades på møte i European Folk Network.
 - e. Kulturpolitisk arbeid:
 - a. Vi har hatt møte med Music Norway der vi saman planlegg å sende søknad om eit fireårig prosjekt for å satse på eksport av norsk folkemusikk og folkedans.
 - b. Vi har løfta arbeidet med eksport av kultur i høyring i Utanriks- og forsvarskomiteen på Stortinget.
- b) Rekneskapsrapport per oktober 2021**
c) Referat: Innspela til statsbudsjettet 2022
d) Referat: Innspel til Bygda dansar 2.0.
e) Orientering om satsing på eksport av norsk folkemusikk og folkedans.

Vedtak: Styret tok orienterings- drøfting- og referatsaker til orientering med denne merknaden:

- a) Styret ønskjer å gi meir attendemeldingar på Folkemusikk til redaktøren. Det blir eit fast punkt på agendaen etter kvart nummer. Økonomi blir da også eit tema.

Styresak 2021/62 Møteplan våren 2022

Vedtak:

Styremøte 2022/01 er sett til fredag 11.februar.

Styremøte 2022/02 er sett til torsdag 7.april til fredag 8.april.

Styremøte 2022/03 er sett til fredag 13.mai.

Styresak 2021/63 Styret og aktiv deltaking i media

Vedtak:

- a) Styret ønskjer å bli meir synlege både i media og eigne nettsider.
- b) Kvart styremedlem skal skrive minst ein kommentar, kronikk eller liknande i året. Administrasjonen set opp ei liste med rekkjefølgje for desse.
- c) Styremedlemmene kjem med innspel til tema for desse.

Styresak 2021/64 Fordeling av Frifond Organisasjon

Vedtak: Styret i FolkOrg fordelte midlane frå Frifond Organisasjon slik:



Namn på søker	Sum driftstilskot	Tildeling prosjektstønad	Totalsum tildelte midlar
Byneset spellmannslag	9279	4 000	13279
Gaular spelemannslag	34023	0	34023
Hallingdal Låtelag	3093	0	3093
Hardanger spelemannslag	22682	13 000	35 682
Hornindal spelemannslag	7217	13 000	20 217
Hæsjtægg Hedmark	5155	13 000	18 155
Kongsberg spel- og dansarlag	31961	12 000	43 961
Lom spel- og dansarlag	35054	10 000	45 054
Nes nasjonale dansarring	14434	12 000	26434
Nes spel- og dansarlag	0	0	0
Nordhordland spel- og dansarlag	0	0	0
Numedal spel- og dansarlag	24744	8 000	32744
Oppdal spell- og dansarlag	3093	12 000	15093
Seljord folkemusikklag	16496	0	16496
Småjondølenes Dansarlag	26806	14 000	40806
Spelemannslaget Fjelljom	32992	10 000	42992
<i>Telemark Folkemusikklag</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Trysil-Knut dans- og spelmanlag	9279	14 000	23279
Unge folkemusikere i Oslo	20620	10 000	30620
Vindfylla spelemannslag	15465	9 000	24465
Østerdølenes spellmannslag	5155	15 000	20155
Øystre Slidre spel- og dansarlag	26806	0	26806
Ål spel- og dansarlag	21651	14 000	35651
SUM	366005	183000	549005

- Styret ønskjer å få fleire Frifondsøknader frå laga våre, og utfordrar administrasjonen til å arbeide meir for det. T.d. ved å lage artiklar om korleis mottakarar nyttar desse midlane.

Styresak 2021/65 Resultat frå spørjeundersøking

Representantar frå Opinion la fram resultatata frå spørjeundersøkinga om organisasjonskultur og førekomst av uønskte hendingar og grenseoverskridande åtferd i FolkOrg, Noregs Ungdomslag og Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Styret hadde ein god diskusjon om resultatata, og vi held fram med planlagde aktivitetar for å arbeide med problemstillinga, mellom anna å ta Balansemerket.

Ingen vedtak.

Styresak 2021/66 Diverse godkjenningar for Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2022

Vedtak:

a) Styret vedtok desse billettprisane for Landsfestivalen 2022:

Billettprisar på Landsfestivalen på Vågå 2022

Billetter	Pris	Gjeld kven/kva
Festivalpass medlem onsdag- søndag	900	Alle over 18 år
Festivalpass ikkje medlem onsdag-søndag	1050	Alle over 18 år
Festivalpass medlem fredag-søndag	700	Alle over 18 år
Festivalpass ikkje medlem fredag-søndag	850	Alle over 18 år
Festivalpass medlem 15-18 år	350	15 - 18 år
Festivalpass ikkje medlem 15 - 18 år	400	15 - 18 år
Dagsbillett (tors. fre. laur. sun)	300	
Dagsbillett onsdag	200	
Dagsbillett og festivalpass under 15 år	Gratis	
Meisterkonserten søndag	300	Inkludert i festivalpasset
Konsert over 15 år	300	
Konsert under 15 år	200	

b) Styret vedtok desse deltakaravgiftene for Landsfestivalen 2022:

Deltakaravgift på Landsfestivalen i Vågå 2022

Deltakaravgift pr. deltakar pr. klasse	Senior	Junior
1.gangs deltaking tilbud (1.-31. mai)	300	150
2.gangs deltaking (1.-31. mai)	200	50
Ordinær påmeldingsavgift (1.- 30. juni)	400	250
2.gangs deltaking (1.-30. juni)	300	150
Deltaking ut over 2 startar	0	0

c) Styret vedtok dette premiebudsjetet for Landsfestivalen 2022:

Premiar på Landsfestivalen i Vågå 2022

Klasser	Finale	1	2	3	Total
Super Junior		3000	2000	1000	6000
Andre instrument senior	Ja	3000	2000	1000	6000
Durspel senior	Ja	3000	2000	1000	6000
Fele/hardingfele senior	Ja	3000	2000	1000	6000
Gruppespel	Ja	5000	3000	2000	11000
Lagdans junior	Nei	3000	2000	1000	6000
Lagdans senior	Nei	3000	2000	1000	6000
Lagspel durspel/trekkspel	Ja	5000	3000	2000	11000
Lagspel fele/hardingfele	Ja	5000	3000	2000	11000
Pardans junior	Nei	3000	2000	1000	6000
Pardans senior	Ja	3000	2000	1000	6000
Samspel junior	Ja	3000	2000	1000	6000
Samspel senior	Ja	3000	2000	1000	6000
					93 000

d) Framlegg til tevlingsplan for Landsfestivalen 2022 vart godkjend.

Styresak 2021/67 Diverse godkjenningar for Landskappleiken 2022

Vedtak: Framlegg til tevlingsplan for Landskappleiken 2022 vert godkjend.

Styresak 2021/68 Årets Eldsjel

Vedtak:

Dei nominerte til prisen for Årets Eldsjel er (i alfabetisk rekkjefølge):

1. Gunnlaug Lien Myhr og Martin Myhr
2. Harald Omnes
3. Frode Rolandsgard

Vinnaren er: Harald Omnes

Styresak 2021/69 Årets folkemusikkfotografi

Vedtak:

Dei nominerte er til Årets folkemusikkfotografi er (i alfabetisk rekkjefølge):

Fotograf Thor Hauknes med bilete Majorstuen
 Fotograf Runhild Heggem med bilete Erik Sollid
 Fotograf Odd-Arne Larsen med bilete Julefolk

Vinnaren er: Fotograf Thor Hauknes med bilete Majorstuen.

Styresak 2021/70 Eventuelt

- a) *Styreleiar tok opp problemstillinga knytt til strømming av våre arrangement. Styret meiner det bør gjerast grundige vurderingar om det skal strømmast, kva som skal strømmast og når det ev. skal sendast. Det er viktig at vi får dokumentert det som skjer frå scena, men dette kan kanskje sendast i ettertid for å stimulere publikum til å vere til stades i salen. Det bør ikkje leggjast opp til for mykje sendingar på kvelds- og nattetid, då det ikkje er offentlege framføringar. Styret ber rådgjevar for kappleik og festival i FolkOrg, Sina Myhr, drøfte desse problemstillingane med lokale arrangørar.*
- b) Kjellbjørn Karsrud tok opp problemstillinga som NRK er oppe i no med forhandlingar med Norwaco om betaling av rettar for å ha NRK-arkivet tilgjengeleg. Konklusjonen vart at styret meiner at NRK må prioritere det og at det er særskilt viktig for folkemusikk- og folkedansfeltet. Administrasjonen gir det signalet vidare til NRK.